



Sauherad kommune

PLAN- OG FORVALTNINGSENHETEN

Melding om vedtak

Det kongelige landbruksdepartement

Postboks 8007 Dep.
0030 OSLO

Deres ref:

Vår ref:
03/01469-4

Saksbeh:
Halvor Fjone, 35 95 70 38

Arkivkode:
1

Dato:
03.03.2004

Særutskrift: Svar ang. forslag til ny lov om skogbruk - høring

Vedlagt behandling av høring om skoglova i møte 23.02.04 i Utval for næring, plan og teknikk.



Svar ang. forslag til ny lov om skogbruk - høring

Utvalgssaksnr	Utvalg	Møtedato
011/04	Utvalg for næring, plan og teknikk	23.02.04

Rådmannens innstilling:

1. Sauherad kommune har ingen store merknader når det gjeld sjølve lovteksten. Det er ei fornuftig opprydding og forenkling samanlikna med dagens lovtekst i "skoglova". Når det gjeld §5 og kravet om at miljøinformasjon som kjem fram i samband med skogbruksplanlegging skal vere offentleg tilgjengeleg, ser ein dette som i strid med forutsetnadene som skogeigarane har blitt forespeila ved bestilling av skogbruksplanar.
2. Når det gjeld ny forskrift om forynging knytt til "Skogbrukslova", er ein skeptisk til å innføre skjerpa krav med dei forverre rammetilhøva som skogbruket må drivast under nå. Detaljeringsgraden bør ikkje overdrivast og det bør i tilfelle lempast på krava i område med svært vanskelege driftstilhøve.
3. Forskrift om miljøomsyn i tillegg til dei krava som ligg i den frivillige sertifiseringsordninga er behandla tidlegare av Stortinget og avvist inntil vidare. Etter 1999 har omfanget av sertifisering nådd nesten heile skognæringa og ein har vanskar med å sjå behovet for ei særskilt lovforskrift nå. Forskrifta må i tilfelle legge seg på eit nivå under sertifiseringa for å sikre heimel for ein minstestandard i dei få tilfella der sertifiseringsordninga ikkje er tilstrekkeleg.

Behandling i Utvalg for næring, plan og teknikk - 23.02.2004:

Forslag frå Rasch-Arnesen til nytt pkt. 1:

Stryke frå og med "Når det gjeld §5 og kravet....."

Enstemmig vedteke

Nytt pkt 1.:

"Sauherad kommune har ingen store merknader når det gjeld sjølve lovteksten. Det er ei fornuftig opprydding og forenkling samanlikna med dagens lovtekst i »skoglova».

Pkt 2 og 3 enstemmig som framlegg frå rådmann

Vedtak i Utvalg for næring, plan og teknikk - 23.02.2004:

1. Sauherad kommune har ingen store merknader når det gjeld sjølve lovteksten. Det er ei fornuftig opprydding og forenkling samanlikna med dagens lovtekst i "skoglova".
2. Når det gjeld ny forskrift om forynging knytt til "Skogbrukslova", er ein skeptisk til å innføre skjerpa krav med dei forverre rammetilhøva som skogbruket må drivast under nå. Detaljeringsgraden bør ikkje overdrivast og det bør i tilfelle lempast på krava i område med svært vanskelege driftstilhøve.
3. Forskrift om miljøomsyn i tillegg til dei krava som ligg i den frivillige sertifiseringsordninga er behandla tidlegare av Stortinget og avvist inntil vidare. Etter 1999 har omfanget av sertifisering nådd nesten heile skognæringa og ein har vanskar med å sjå behovet for ei særskilt lovforskrift nå. Forskrifta må i tilfelle legge seg på eit nivå under sertifiseringa for å sikre heimel for ein minstestandard i dei få tilfella der sertifiseringsordninga ikkje er tilstrekkeleg.

Samandrag

Bakgrunn

Landbruksdepartementet sender nytt framlegg til "skogbrukslov" ut på høyring i vedlagt brev av 04.12.03. Med saka følgjer det også med eit høyringsnotat, også datert 04.12.03, som går gjennom bakgrunnen for lovframlegget, kommentarar til dei ulike paragrafane og teksten til sjølve lovframlegget (§1-22). Fristen for merknader til Landbruksdepartementet er 15. mars 2004.

Det er *Lov om skogbruk og skogvern av 21. Mai 1965* med seinare endringar som er gjeldande "skogbrukslov" og som det nye framlegget til lov skal erstatte.

Dei viktigaste endringane i framlegget i høve til gjeldande lov kan summerast opp i følgjande hovudpunkt:

- Forslaget inneber ei forenkling i høve til gjeldande lov med 22 føresegner (paragrafar) mot 58 i den gamle.
- Lovforslaget legg opp til eit større rom for handling på lokalt nivå, noko som inneber at kommunane sin fullmakt til å treffe vedtak i første instans blir større.
- Lova gir kommunane heimel til å innføre meldeplikt for tiltak i skogbruket for å føre kontroll.
- Det er teke inn føresegner i lovteksten som opnar for å regulere skogbruket meir detaljert (med forskrifter) dersom det er nødvendig. *Forskrift om forynging, forskrift om miljøomsyn og forskrift om skogfond* er eksempel som er omtalt i notatet.
- Skogavgift blir heretter omtalt som skogfond for å motvirke inntrykket av at det er ei statleg avgift. Lovforslaget stadfester og styrkar ordninga med at ein del av inntekta frå avverkning av skog skal førast tilbake som langsiktige investeringar.
- Reglane om omdisponering av skogsmark blir ikkje ført vidare i ny lov. Dep. legg til grunn at regulering av dette først og fremst skal skje etter plan- og bygningslova og etter jordlova. Dep. foreslår derfor mindre justeringar i §9 i jordlova.
- Lovforslaget gir heimel til å føre nærare kontroll med at skogen blir driven innanfor forsvarlege skog- og miljøfaglege rammer. Det blir foresle ein heimel til å stille krav til skogeigarane sin interne kontroll og tilgang til rapportar frå desse. I praksis vil det seie at reg. av miljøverdiar som kjem fram under skogbruksplanlegging skal bli offentleg tilgjengelege.
- Det blir skjerpa føresegner om straff med innføring av bøter eller fengsel inntil 1 år og heimel til å gi tvangsmulkt. Særlege alvorlege brot som gir varige negative verknader på miljøet skal vurderast som miljøkriminalitet. Det kan bli reist tiltale etter straffelova i slike saker.
- Føresegnene i gjeldande lov om at brot ikkje blir påtala utan etter krav frå skogbruksstyremaktene blir ikkje ført vidare, dvs at skogbruksmyndighetane mistar eineretten til å påtale brot.

Det er forutsett at den eksisterande grensedraginga mellom skoglovgevinga og naturvernlovgevinga blir førd vidare i ei meir framtidretta lov med fokus på verdiskaping innanfor dei rammene som miljøomsyn set.

Stortinget har uttala at det er viktig at lova blir ei næringslov der prinsippa om fridom under ansvar blir halde oppe. Den nye skogbrukslova skal også vidareføre ein skogadministrasjon på kommune og fylkesnivå som gjer det mogeleg å følgje opp regelverket og dei skogpolitiske måla regionalt og lokalt.

I samband med høyringa blir det også etterlyst svar på detaljeringsgrad og innhald i forskrifter om miljøomsyn og forynging av skog. Desse forskriftene blir utarbeidd parallelt med sjølve lovteksten.

Vurdering

Bakgrunn, slik det er skrive i saksutgreiinga, er i korte trekk innhaldet slik departementet summerer det i notatet som følgjer høyringa. I høyringa blir ein beden om synspunkt på sjølve lovteksten og innhaldet i dei to planlagte forskriftene om forynging og miljøomsyn som blir utarbeidd parallelt med lova.

Lovtekst/innhald

Sjølve lova gir bare generelle rammer for korleis skogbruket skal drivast utan omfattande detaljering av korleis næringa skal utøvast. Det bør vurderast som positivt og viser at fridom under ansvar er vidareført. Dette blir til ein viss grad motverka av at ein varslar arbeid med forskrifter om foryngingsplikt og miljøomsyn som kan bli ei skjerpning av nåverande lov.

Plikta til å sikre tilfredsstillande forynging av skog etter hogst er konkretisert ved å krevje at tiltak er sett i verk seinast 3 år etter hogst (planting eller tilrettelegging for naturleg forynging). Dersom skogeigar ikkje rettar seg etter dette, er det lagt til rette for at kommunen kan krevje tiltak innan 2 år og utført på skogeigars si regning. Spesifiseringa av kva som er tilfredsstillande forynging skal inn i forskrifta. Det største problemet for skogbruket er at dette kan bli definert svært strengt på alle areal utan omsyn til kva investeringar som er lønsame.

Forskrift om forynging

Notatet varslar at denne forskrifta vil definere ei nedre grense for kva som er tilfredsstillande forynging på dei ulike bonitetane når det gjeld tetthet (plantetal pr. daa), treslag og tid. Grensa for tetthet vil liggje under det optimale plantetalet som er nødvendig for å sikre det beste kvalitetsproduksjonen og vere det absolutte minimumsnivået som ein kan godta. Denne grensa skal gi mogelegheit til å gripe inn ovanfor dei skogeigarane som ikkje har sytt for forynging innan fristen. Eksempel på minstemål:

Gran

Bonitet	G23	G20	G17	G14	G11	G8
Pl./daa	150	150	125	100	80	50

Tidsfrist er antyda til 3 år etter hogst for planting og 5 år for naturleg forynging på høg bonitet og tilsvarande 10 og 15 år på middels og låg bonitet. I tillegg skal det vere krav til treslag på arealet etter forynging. "Teljande treslag" skal vere treslag som er tilpassa veksestaden og som kan gje tilfredsstillande produksjon både volum og kvalitetsmessig.

Produksjon av ved på høge bonitetar kan ikkje godtakast som tilfredsstillande treslagsval etter signal frå departementet.

Ein kan stille spørsmålet om tida for å innføre eit skjerpa krav til forynging på alle skogareal uavhengig av driftsøkonomi på hogstfeltet, når rammevilkåra har blitt forverra over tid. Ein kan nemne fallande rotnetto og forbod mot å gi kommunale tilskot til planting i nye forskrifter til kommunale skogbrukstilskot frå 01.01.04.

Forskrift om miljøomsyn

Som det går fram av høyringsnotatet må lovgjeving og sertifiseringsordning sjåast i samanheng når det gjeld miljøomsyn i skogbruket. Sertifiseringsordninga etter Levande skog standarden er innført på brei basis i skogbruket dei siste åra. Det ligg i tenkinga bak miljøsertifiseringa at nivået på ambisjonane for miljøomsyn skal vere høgare enn dei som ligg i lovgjevinga.

Stortinget utsette avgjerda om eventuell innføring av miljøforskrift i 1999 ved behandling av Skogmeldinga inntil det vart ein fullstendig gjennomgang av skoglova. Nå varslar departementet at dette kan startast på nytt parallelt med ny skogbrukslov.

Hovudspørsmålet er om det er behov for ei eiga detaljert miljøforskrift i tillegg til den frivillige sertifiseringa til skogeigarorganisasjonane for å ivareta miljøomsyna.

Med dagens situasjon har kommunen ingen god heimel i lovverket til å påby tiltak dersom ein skogeigar ikkje følgjer standardane i f. eks. Levande skog. På den andre sida er sertifiseringsreglane så strenge at det ikkje vil vere praktisk mogeleg å omsetje tømmer gjennom salsorganisasjonane dersom desse vilkåra blir brotne.

Levande skog standarden står framføre ein revisjon 4 år etter Stortinget sin behandling av Skogmeldinga og mange i skogbruket meiner at innføring av eigen miljøforskrift vil undergrave det arbeidet som næringa sjølv utfører på dette feltet.

Konklusjon

Når det gjeld sjølve lovteksten har ein ingen store merknader. Det er ei fornuftig opprydding og forenkling samanlikna med dagens lovtekst i ”skoglova”. Når det gjeld §5 og kravet om at miljøinformasjon som kjem fram i samband med skogbruksplanlegging skal vere offentleg tilgjengeleg, er nok dette ikkje heilt i samsvar med kva skogeigarar som har bestilt plan dei siste åra har lagt til grunn. Kommunen har inntil nå opplyst at informasjon i nye planar er taushetsbelagt som tidlegare. Ei lovendring på dette vil nok opplevast som eit tillitsbrot i den vidare kontakt som skogbruksmyndighetane har med skogeigarane.

Når det gjeld ny forskrift om forynging knytt til ”Skogbrukslova”, er ein skeptisk til å innføre skjerpa krav med dei forverre rammetilhøva som skogbruket må drivast under nå. Detaljeringsgraden bør ikkje overdrivast og det bør i tilfelle lempast på krava i område med svært vanskelege driftstilhøve.

Forskrift om miljøomsyn i tillegg til dei krava som ligg i den frivillige sertifiseringsordninga er behandla tidlegare av Stortinget og avvist inntil vidare. Etter 1999 har omfanget av sertifisering nådd nesten heile skognæringa og ein har vanskar med å sjå behovet for ei særskilt lovforskrift nå.

Peder Rekkedal
Rådmann

Vedlegg:
Høyringsbrev frå LD av 04.12.03 (del av innkallinga)
Høyringsnotat frå LD av 04.12.03 (vedlagt innkallinga)

Vedtaket kan påklages til kommunen. Klagefristen er 3 uker regnet fra den dagen da brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkelig at klagen er postlagt inne fristens utløp.

Klagen skal sendes skriftlig til den som har truffet vedtaket, angi vedtaket det klages over, den eller de endringer som ønskes, og de grunner du vil anføre for klagen. Dersom du klager så sent at det kan være uklart for oss om du har klaget i rett tid, bes du også oppgi når denne melding kommer frem.

Med hilsen

Halvor Fjone
Enhetsleder/skogbrukssjef